

Saksutgreiing

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
10/24	Utval for areal og samferdsel	13.03.2024

Framlegg til revidert hovudplan vatn og avløp 2021-2050

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for areal og samferdsel vedtek med heimel i Plan- og bygningslova §11-14 å leggja ut revidert hovudplan for vatn og avløp 2021-2050 datert februar 2024 til offentleg gjennomsyn.

Hovudplan for vatn og avløp skal handsamast som ein kommunedelplan i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova § 11-1 pkt.3.

Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 13.03.2024

A/B voting

1)

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for areal og samferdsel vedtek med heimel i Plan- og bygningslova §11-14 å leggja ut revidert hovudplan for vatn og avløp 2021-2050 datert februar 2024 til offentleg gjennomsyn.

Hovudplan for vatn og avløp skal handsamast som ein kommunedelplan i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova § 11-1 pkt.3.

Dette ble satt opp mot:

2)

Randi Karin Habbestad (Senterpartiet) Forslag:

Forslag til nytt vedtak:

Utval for samferdsel og areal vedtek å utsetja den reviderte hovudplanen for Vatn og Avløp 2021-2050.

Hovudplan for Vatn og Avløp Bømlo Kommune 2021-2050 er på god veg til å bli ein god plan, men den må i tillegg innehalda følgjande:

- Eit eige kapittel om FNs berekraftsmål, klimaendringar og miljø
- Eit eige kapittel om folkehelse
- Eit eige kapittel som viser organisering, ansvar og organisasjonskart
- Eit eige kapittel om tidlegare hovudplan for Vatn og Avløp, som viser ein oversikt over tiltak i førre planperiode. Oversikten skal vise kva tiltak som er utført, kva tiltak som pågår og kva tiltak som ikkje er utført
- Eit eige kapittel om demografi utviklinga som viser behovet framover
- Planen skal beskriva kva investeringstiltak som skal utførast år for år i planperioden og med årlege investeringskostnader. Planen må også beskriva gebyr utviklinga år for år i planperioden, som er basert på dei planlagde investeringane
- Eit av måla skal vera at når det skal byggjast ut meir vasskapasitet til industrien, så skal industrien betala anleggssbidrag. Dette medfører at kommunen går vekk frå tidlegare praksis, der innbyggjarane før har betalt all utbygging til industrien. Dette vil redusera gebyra til innbyggjarane og blir soleis meir rettferdig
- No er plan for spreidt avløp implementert i denne planen. Då må kostnad for tilknytning til offentleg avløp, som kan påleggjast private, som tidlegare er vedteken av kommunestyret, takast med som vedlegg til denne planen. Slik kan innbyggjarane betre få oversikt over rammer som gjeld ved tilknyting til offentleg avløp
- Kostnader som ligg til grunn for denne planen er basert på 2023 tal. Kostnadene må indeksregulerast i planperioden, slik at kostnadene blir meir realistiske

For forslag 1 stemte 6: Åge Bernhard Grutle (AP), Marianne Steinsvåg Tollaksvik (Frp), Christer Agasøster (H), Signe Lund Jansen (H), Sonja Hellen Sele (H), Karsten Fylkesnes (KrF)

For forslag 2 stemte 3: Inge Selle (INP), Janne Pedrikke Hamre (INP), Randi Karin Habbestad (Sp)

Dermed ble forslag 1 vedtatt.

Vedtak/innstilling

Utval for areal og samferdsel gjorde slikt **vedtak**:

Utval for areal og samferdsel vedtek med heimel i Plan- og bygningslova §11-14 å leggja ut revidert hovudplan for vatn og avløp 2021-2050 datert februar 2024 til offentleg gjennomsyn.

Hovudplan for vatn og avløp skal handsamast som ein kommunedelplan i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova § 11-1 pkt.3.

Samandrag av saka:

Bømlo kommune har ein eksisterande hovudplan for vatn og avløp som vart vedteken i kommunestyret i 7.12.15 sak PS 91/15.

Investeringstiltak i samband med gjennomføring av Bømlopakken på fylkesvegane er prioritert i den nye hovudplanen. Det same er ny vassforsyning frå Åreiddalen til næringsområde i Hovlandshagen. For å sikre vassforsyning til Øklandsvatn er nytt høgdebasseng på Erevikfjellet også høgt prioritert i denne hovudplanen.

Kommunedirektøren rår til at hovudplan for vatn og avløp vert utlagt til offentleg gjennomsyn slik han no føreligg.

Bakgrunn for saka:

Sweco har i samarbeid med BVA og Bømlo kommune utarbeida eit forslag til revidert hovudplan Vatn og avløp 2021-2050 som skal vidare til politisk handsaming.

Frå framlegg til ny hovudplan vatn og avløp:

Bømlo kommune har ein eksisterande hovudplan for vatn og avløp som vart vedteken i kommunestyret i 7.12.15 sak PS 91/15. Denne planen har i stor grad lagt føringer for kommunen sine investeringar og drift av vatn- og avlaupssektoren dei siste åra. Sidan rammevilkåra stadig endrar seg (Plan- og bygningslova), vil levetida på ein slik plan normalt vere 4 år.

Dette er den 5. revisjonen av hovudplanen for vatn og avlaup som vart første gong vedteken i 2004.

Følgjande personar har delteke i ei prosjektgruppe som har arbeidd med hovudplanen:

Audun Halleraker (prosjektansvarleg)	Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Odd Petter Habbestad	Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Jarle Andreassen	Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS
Njål Gunnar Slettebø	Bømlo kommune
Elisabeth Gjerde	Bømlo kommune
Tone Stavland	Bømlo kommune
Jan Otto Johannessen	Sweco
Frank Terje Berge	Sweco
Irene Aase	Sweco
Friederike Krahner	Sweco

Saksutgreiing:

Frå framlegget til ny hovudplan for vatn og avløp:

Samandrag

«Hovudplanen for vatn og avløp for Bømlo kommune vart utarbeidd i 2015 og legg i stor grad føringar for kommunen sine investeringar og drift av vatn- og avløpssektoren. Grunna stadig endrande rammevilkår, er det utarbeidd ein revisjon av den opphavlege hovudplanen for vatn og avløp. Bømlo Vatn og avløpsselskap (BVA) har eitt vassverk som i dag forsyner Bømlo kommune med vatn. Vassverket består av tre vassreinseanlegg: Hollundsvatnet, Åreiddalen og Vorland. I denne hovudplanen er det sett opp målsettingar som skal sikre levering av nok vatn, levering av godt vatn og ein sikker vassforsyning. Det er difor føreslått ei rekke tiltak som skal

bidra til å kunne oppnå følgjande hovudmål:

- A. Kople saman vassreinseanlegga i Bømlo kommune
- B. Definere Finnåsvatnet som hovud-drikkevasskjelde og Åreiddalen som hovud-distribusjonspunkt
- C. Forbetre distribusjonskapasiteten i leidningsnettet ytterlegare, mellom anna ved å etablera fleire høgdebasseng
- D. Auke sikkerheita i vassforsyninga
- E. Rehabilitere leidningsnettet, dels ved utskifting av gamle leidningar og dels ved utskifting av vassleidningar og ved etablering av avløpsleidningar
- F. Utvide forsyningsområdet ytterlegare
- G. Levere tilstrekkeleg vatn til næringsindustri
- H. Oppretthalde den gode vasskvaliteten

Avløpsløysingar i Bømlo kommune er i dag ein kombinasjon av private og offentlege leidningar.

Dei som ikkje er tilknytte avløpsanlegget som er eigd og drive av Bømlo Vatn og Avløpsselskap (BVA) er rekna som private. BVA har i dag ansvaret for drift og tilsyn av omtrent 20 ulike spillvassutslepp i Bømlo kommune. Av desse er det 4 større utslepp (over 500 pe) med reinseanlegg: Moster KRA, Rubbestadneset KRA, Nesse KRA og Eidesvik KRA. For å eliminere utslepp til innlandsvassdrag og ikkje eigna sjøresipientar med dårleg vassutskifting er det føreslått

ei rekke tiltak som skal bidra til å kunne oppnå følgjande hovudmål:

- A. Sanere private utslepp i område med offentleg avløp

- B. Redusere tal på avløppssonar til totalt 4
- C. Utbygging av offentleg avløp i nye område
- D. Rehabilitering av leidningsnett

4. Strategi og hovudløysingar

4.2. Avløp

4.2.2 Revisjon av avløpsdirektivet

EUs avlaupsdirektiv vart vedteke i 1991 og regulerer utslepp av kommunalt avløpsvatn frå tettbygde strøk. Direktivet skal redusere utslepp av organisk materiale og næringssalt til recipientane.

I oktober 2022 la kommisjonen fram eit forslag til revidert avløpsdirektiv og inviterte til tilbakemeldingar fram til mars 2023. Trilogforhandlingar er no i gang og det ventast at direktivet vert vedteke i byrjinga av 2024.

For Bømlo kommune, som kystkommune der mesteparten av utslepp går til sjø, vil dette som nemnt av Norsk Vann ha store økonomiske konsekvensar. Ein stor del av avløpsvatnet i Bømlo kommune blir handtert i dag i slamavskiljarar (eitt reinsettrinn) før det blir sleppt ut til sjøen. Dette vert ikkje lenger tillate i det nye forslaget dersom avlaupsvatnet kjem frå byggelser med meir enn 1000 personekvivalentar (og under spesielle tilhøve også mindre enn 1000 personekvivalentar).

Dette har to store konsekvensar for Bømlo kommune – avløpsvatn for gjeldande byggelser må no samlast og leiast vidare til reinseanlegg; og reinseanlegga må byggast om/oppgraderast for å ha tilfredsstillande reinsettrinn før utslepp. I tillegg må det gjerast omfattande ombyggingar av det eksisterande transportsystemet for spill- og overvatn. Dette for å avlaste reinseanlegg med reint overvatn, slik at utsleppsmengda frå overløp vert redusert; og for å kunne gjennomføre reinsing av forureina overvatn. Konsekvensane vil truleg vere størst for avløppssoner nord, vest og aust (ref. figur 2 over avløppssoner i Bømlo kommune, side 15)

I og med at direktivet ikkje er vedteke enno og det er uvisst korleis den endelige revisjonen av avlaupsdirektivet vil bli, er det ikkje teke omsyn til evt. ombyggingar og oppgraderingar av det eksisterande vass- og avløpsnettet og reinseanlegg i denne versjonen av hovudplanen. Dersom direktivet blir vedteke slik det føreligg no, ville dette likevel ha store konsekvensar for tiltakskostnadane som er angitt i denne planen under kapittel 5.

5. Handlingsplan

5.2 Investeringsstiltak

Det er føretatt ein kostnadsbereking og oppsummering av alle investeringstiltak i hovudplanen.

Tabell 7 viser til investeringstiltak for bømlopakken og næring.

Tabell 8 visar ein oversikt over investeringstiltak med tilhøyrande kostnad som er foreslått utført i første prioritiseringsperiode.

TABELL 7 INVESTERINGSTILTAK BØMLOPAKKEN OG NÆRING.

Nr	Tiltak	Vatn	Spillvatn	Overvatn	Sum
100	Finnås (*BP)	11,7 mill kr	10,5 mill kr	mill kr	22,2 mill kr
101	Grønås-Notland (*BP)	6,2 mill kr	6,2 mill kr	2,6 mill kr	15 mill kr
102	Åreiddalen-Bleikene (Nærings)	5,7 mill kr	0,4 mill kr	-	6,1 mill kr
103	Åreiddalen-Hovlandshagen (Nærings)	57,6 mill kr	-	-	57,6 mill kr
104	Ekornseter-Tormodsætre-Åreiddalen (*BP)	17,8 mill kr	-	-	17,8 mill kr
105	Åreiddalen (Nærings)	139,2 mill kr	1,8 mill kr	2,1 mill kr	143,1 mill kr
106	Høydebasseng Erevika (Nærings)	23,7 mill kr	-	-	23,7 mill kr
107	Sjøledninger Erevika (Nærings)	20 mill kr	-	-	20 mill kr
Sum investeringar		281,9 mill kr	18,9 mill kr	4,7 mill kr	305,5 mill kr

BP* = BømlopaKKen

Nærings = delvis finansiert med anleggstilskot

TABELL 8 INVESTERINGSTILTAK HOVUDPLAN VATN OG AVLØP SOM ER FORESLÅTT UTFØRTE I FØRSTE PRIORITERINGERSPERIODE.

Nr	Tiltak prioritering 1	Vatn	Spillvatn	Overvatn	Sum
10	Leitevegen	6,4 mill kr	4,3 mill kr	6,0 mill kr	16,7 mill kr
11	Leirdalen, borehull	-	4,9 mill kr	5,5 mill kr	10,4 mill kr
14	Miljøgata m/overvann (rehab)	1,7 mill kr	1,2 mill kr	1,9 mill kr	4,8 mill kr
60	Vassforsyning Andal	10,9 mill kr	-	-	10,9 mill kr
61	Demning Kvernvatnet	3,2 mill kr	-	-	3,2 mill kr
80	Lyngvegen	14,6 mill kr	11,1 mill kr	10,6 mill kr	36,3 mill kr
81	Hollundsvatnet VBA	15,1 mill kr	-	-	15,1 mill kr
Sum investeringar		51,9 mill kr	21,5 mill kr	23,9 mill kr	97,3 mill kr
Årlag investering		10,4 mill kr/år	4,3 mill kr/år	4,8 mill kr/år	19,5 mill kr/år

Vurderingar:

Plandokumentet som ligg føre, skal handsamast som ein kommunedelplan i samsvar med reglane i Plan- og bygningslova § 11-1 pkt.3. Første steg på vegen vidare er utlegging av planen til offentleg ettersyn. Etter at høyringsrunden er over og aktuelle merknader er komne inn, skal planen opp i utval for areal og samferdsel på nytt. Areal og samferdsel sitt vedtak vert lagt fram til kommunestyret for endeleg vedtak.

Hovudplanen for vatn og avløp gir eit overblikk over utfordringar kommunen har innanfor tenesteområda vatn og avløp, samtidig som dei visar til strategiar og hovudløysingar for korleis desse utfordringane kan eller skal bli løyst gjennom deira handlingsplan på kort- eller langsikt. I planen visar dei også til at dei har eit mål om å oppnå ein framtidsretta og berekraftig vass- og avløpssektor, noko som ses på som svært positivt.

Investeringstiltak i samband med gjennomføring av BømlopaKKen på fylkesvegane er prioritert i denne hovudplanen. Det same er ny vassforsyning frå Åreiddalen til næringsområde i Hovlandshagen. For å sikre

vassforsyning til Øklandsvåg er nytt høgdebasseng på Erevikfjellet også ein prioritering i denne hovudplanen.

Som nemnt i kap. 4.2.2. i hovudplanen for vatn og avløp, så vil avløpsdirektivet snart bli revidert. Det blir og nemnt at komande endringar i direktivet ikkje er blitt inkludert i handlingsplanen eller tiltakskostnadane i planen pga. usikkerheit knyta til endeleg vedtak. Endringar i avløpsdirektivet vil påverke kommunen sterkt økonomisk, så at det ikkje blir tatt med i betrakting kan svekke kommunen sin tilpassingsevne for komande krav.

Kommunedirektøren rår til at hovudplan for vatn og avløp vert utlagt til offentleg gjennomsyn slik han no føreligg.

FN sine berekraftsmål:



Økonomiske konsekvensar:

Investeringar og drift av dei offentlege leidningsanlegga er overført til Bømlo Vatn og Avløpsselskap AS i samsvar med hovudavtalen med kommunen. Tenesteområda er sjølvfinansierande i medhald av gjeldande lovar og forskrifter på området, og i praksis er det abonnentane på vatn og avløp som må bera kostnadane gjennom tilkoplingsavgiftene og årsgebyra.

Som nemnt i 4.2.2 så kan endring i avløpsdirektivet ha ein vesentleg påverknad på tiltakskostnadane som er angitt i kap. 5 i denne planen.

Miljømessige konsekvensar:

Hovudplanen for vatn og avløp er eit viktig reiskap for å ta vare på miljøet. Hovudplanen har følgjande miljømål:

- 2.3 Alle avløpsanlegg skal ha ein kvalitet som ivaretak krav i gjeldande lover, forskrifter og normer.
- 2.4 Utslepp frå private avløpsanlegg skal ikkje føre til lokale ulemper med omsyn til hygieniske eller andre miljømessige forhold
- 2.7 Overløp frå pumpestasjonar, reinseanlegg eller overløpskummar skal elimineraast i størst mogleg grad. Dersom avløpsvatn går i overløpet, skal både tidspunkt og mengde dokumenteraast
- 2.9 Avløpsnettet skal byggjast ut for å redusere næringsbelastninga til sårbarer resipientar.
- 2.11 Ukontrollerte utslepp av spillvatn til bekkar, veggrøfter, overvassleidningar, grunnvassmagasin eller lokale resipientar skal ikkje førekome.
- 2.12 Et skal ikkje tillata utslepp til nedslagsfelt eller vassdrag som blir nytta til følgjande:
 - o Drikkevasskjelde (Finnåsvatnet, Hollundsvatnet, Kvernvatnet med nedslagsfelt)
 - o Reservekjelde (Haldorsvatnet med nedslagsfelt)
 - o Naudvasskjelde (Krokavatnet, Totlandstjødnå, Grutlevatnet og Lønningvatnet med nedslagsfelt)

Beredskap og samfunnstryggleik:

Her visar me til vedlagt hovudplan.

Folkehelse:

Her visar me til vedlagt hovudplan.

Vedlegg til saka:

- Forslag til revidert hovudplan vatn og avløp 2021-2050
- Merknadar frå oppstart av revisjon hovudplan vatn og avløp 2021-2050, med kommentarar